

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 2/2006

Møtedato: 01.02.06

Arkiv nr: S 719

## **S 719, Bukono – søknad om tilbygg på og utskifting av skåle**

Anne Synnøve Semeleng søker om å få føre opp eit tilbygg på 7,2 m<sup>2</sup> på selet. Etter stølsregisteret er selet frå før på 65m<sup>2</sup>. Søkjaren opplyser at glas og panel vil bli skifta på resten av selet.

Semeleng søker også om å få erstatte gamal skåle med ein ny på 10 m<sup>2</sup>. Den gamle skålen var etter stølsregisteret på 12 m<sup>2</sup>.

Bygginga er alt gjennomført, utan at det er innhenta løyve frå Statskog, fjellstyret eller kommunen.

I søknadsskjema blir det opplyst at stølen blir leigd bort til beite. Stølen blir etter fjelloven ikkje rekna for å vera i bruk.

Bygging på støl som ikkje er i bruk er regulert i § 14 i stølsforskriftene der det heiter:

*På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarande. Før Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.*

### **Vedtak:**

Fjellstyret tilrår over for Statskog at søknaden blir godkjent.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 2.2.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Anne Synnøve Semeleng  
Statskog  
Vestre Slidre kommune